

Innspel til sak om revisjon - miljøforbetringar - i Matrevassdraget og Haugdalsvassdraget

Masfjorden kommune sendte 8. april 2020 krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Matrevassdraget og Haugdalsvassdraget til NVE. Eit krav om revisjon inneber at vassdragsstyresmaktene kan vedta nye vilkår for regulering av vassdraga. Det er særleg forbetring av miljøtilstanden som er formålet med revisjonssaka.

NVE har foreløpig ikkje opna sak, og kommunen har varsla at det vil verta sendt over supplerande opplysningar og eventuelt nye krav til revisjonssaka etter høyring.

Kravet om revisjon gjeld dei konsesjonane som er gitt til erverv, regulering og overføring av vassdrag og vatn i dei to vassdraga. Konsesjonane er lagt ved dette brevet:

- Konsesjon for BKK til erverv og regulering av Matre- og Haugdalsvassdraget, 17. juli 1953
- Løyve til BKK til tilleggsregulering mv. av Haugdalsvassdraget, 19. desember 1958
- Løyve til regulering og overføring i Matrevassdraget, 11. desember 1964
- Manøvreringsreglement for Matre- og Haugsdal, 12. september 1969
- Konsesjon til meir regulering og overføring i Haugsdal kraftverk (Vemundsbotn), 8. februar 1980
- Løyve til regulering og overføring avløp frå Smalevatn til Skjerjevatn, 22. juni 1989

Det er dermed vilkår i dei nemnte konsesjonane som kan endrast, men myndigheitene kan òg leggja til nye vilkår.

Kommunen er no i gang med å kartlegge skader og ulemper som følge av reguleringa, og allmennheita sine innspel er difor viktig. Kommunen ønskjer innspel frå alle partar i saka, til dømes grunneigarlag, naturvernorganisasjonar, friluftslivet og andre interesserte, som har informasjon om korleis reguleringa påverkar deira interesser og naturinteressene. Desse innspela vert ein del av det som kommunen sender inn til NVE som del av revisjonssaka. Det er viktig at ein no får fram all informasjon som er relevant for saka, slik at ein får til ein best mogleg prosess og eit godt utfall for dei interessene som er råka negativt av reguleringa.

Kva er ein revisjon?

Revisjon inneber å endra på vilkår i konsesjonane. Det er ein prosess der kommunen representerer allmennheita og dei interesser allmennheita har. Konsesjonane regulerer nettopp høve mellom konsesjonær og allmennheita.

Det er særleg vilkår som avbøter skader og ulemper på miljø, som er aktuelle å endra eller å ta inn. Det kan vere krav om ei minstevassføring på ein definert strekning, eller krav om korleis magasinane kan nyttast av omsyn til landskapsinteresser og friluftsliv. Miljøforbetringar skal vegast mot mogeleg tap i kraftproduksjon.

Det er ikkje høve til å endra på reguleringsgrensene i konsesjonen (HRV og LRV¹), men innanfor grensene kan det setjast restriksjonar. Til dømes at tilsig frå ein fastsett dato på våren skal brukast til å fylla opp vatnet på sommaren, slik at vatnet står høgare om sommaren.

¹ Høyeste regulerte vannstand og laveste regulerte vannstand

Det er ofte dei ålmenne interessene i vassdraget som best veit kva for skader og ulemper reguleringa har medført.

Typiske tema i ein revisjonssak er:

- Sommarvasstand
- Minstevassføring av ulike slag
- Tersklar og/eller vass-spegel i elvar og bekkar
- Sikring mot erosjon
- Tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv i og langs vassdraget
- Tiltak for å betre vilkår for fisk og eventuelt utsett av fisk
- Betre vilkåra for andre artar som er påverka av reguleringa, både planter og dyr
- Tiltak for å sikre ferdsel
- Tiltak for å sikre kulturminne
- Tiltak for å betre vilkår for vilt

Skader og ulemper på private grunneigedomar skal vere erstatta gjennom tidlegare skjøen. Skader på slike interesser, reint private interesser, er ikkje omfatta av ein revisjon. Det kan av og til vere vanskeleg å skilja ei privat interesse frå ein ålmenn interesse. Erosjon kan føre til skader på ei privat interesse t.d. ein grunneigedom, men dersom erosjonen er svært omfattande kan det også vere ein skade på naturen, og difor ei ålmenn interesse.

Kommunen har vedlagt eit dokument som skildrar gangen i ei revisjonssak.

Tilstanden i vassdraga i dag

I eit stort arbeid utført av NVE og Miljødirektoratet er ei rekke vassdrag kartlagt for å sjå på kor og korleis kraftproduksjonen påverkar fisk, anna natur og landskap. Samtidig har ein vurdert kor ein kan gjere tiltak utan å tapa for mykje kraft.²

Matrevassdraget er i rapporten høgt prioritert med sikte på å få til miljøforbetringar. Haugsdalsvassdraget er i kategorien «*ikkje prioritet*», men kommunen har valt å krevje revisjon av konsesjonar i begge vassdraga fordi området heng saman. Me har vedlagt dei to arka frå rapporten som omhandlar vassdraga.

I Matrevassdraget peikar rapporten på at Matreelva har ein svak laksebestand og at reguleringa er årsak til at bestanden er svak. Det er foreslått driftsvassføring (vassføring gjennom kraftverk til ein kvar tid) i Hommelfossen kraftverk. Vidare er det foreslått magasinrestriksjonar i Stordalsvatn av omsyn til landskap og friluftsliv. Det kan vere eit aktuelt tiltak også i andre magasin.

I Haugsdalsvassdraget peikar rapporten på at eit aktuelt tiltak er restriksjonar på magasin som ligg opp mot Stølsheimen landskapsvernområde.

Det er også sett miljømål for vassførekomstane i dei to vassdraga. Når det gjeld miljømål, så skal styresmaktene krevja/gjennomføre tiltak dersom dagens tilstand er dårlegare enn miljømålet. Eit viktig føremål med revisjon er å oppnå dei miljømåla som det er treft avgjerd om i samsvar med *vassforskrifta*.

² Denne rapporten heiter *Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022, rapport 49/2013*, og den ligg på nett.

For Matreselva nedre del er tilstand i dag *Moderat Økologisk Potensial* (MØP). I 2033 er miljømålet sett til *Godt Økologisk Potensial* (GØP). Dersom ein skal oppnå miljømålet GØP i 2033 krev det sannsynlegvis at ein set i verk tiltak som kan påverke kraftproduksjonen. Det kan skje gjennom at ein endrar vilkåra i konsesjonen, slik at ein kan sleppe vatn til dømes i nedre del av Matreselva.

Kva kommunen treng frå dykk?

Masfjorden kommune har sendt krav om revisjon basert på det som kjem fram av rapport 49/2013.

Det er særleg miljøproblema kommunen ønskjer informasjon om, men òg dei ulempe reguleringa kan ha for friluftsliv og landskap. Har det skjedd endringar for dyreliv, fisk eller ferdsel i konsesjonsperioden?

Ta òg med forslag til konkrete avbøtande tiltak dersom de meiner dette kan forbetre situasjonen.

Det er viktig for den vidare prosessen at kommunen har påpeikt dei skader og ulemper som reguleringa har ført med seg.

Kommunen ønskjer at dykk sender inn krav om miljøforbetringar innan 20. april 2021.

Innspel skal sendast på [elektronisk høyringsskjema](#) som de finn på kommunen si heimeside.

Merk uttalen med: *Innspel revisjon Matrevassdraget og Haugsdalsvassdraget.*

Innspela bør følgja dette mønsteret:

1. Namn på innspelet
2. Kva for geografisk område av vassdraget som innspelet gjeld.
3. Skildring av problem/utfordring / skadar eller ulemper ved reguleringa som ein ønskjer skal løysast. Eventuelt også framlegg til tiltak, om det er ønskjeleg.
4. Foto, kart eller anna dokumentasjon, dersom ein har noko som gir meir kunnskap om saka.
5. Namn på innsendar, person/ organisasjon.
6. Eventuelle supplerande opplysningar om naudsynt.

Kommunen vil etter innspelsfristen arrangere eit ope møte der ein kan delta digitalt eller fysisk og kome med innspel og spørsmål til kommunen sitt arbeid med revisjonssaka.

Dersom dykk har spørsmål til prosessen med revisjon, kan de kontakta underteikna.